



Meland kommune

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 19/80 - 19/13562

Saksbehandlar:
Randi Helene Hilland
randi.hilland@meland.kommune.no

Dato:
18.06.2019

Høringsuttale - Handlingsprogram og planprogram regional plan for vassforvaltning Hordaland 2022-2027

Vedlagt følger vedtak.

Med helsing

Randi Helene Hilland
konsulent

Andre mottakarar:

Hordaland fylkeskommune

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Marius Flemmen Knudsen	FE-121	19/80

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
48/2019	Utval for drift og utvikling	PS	11.06.2019

Høyringsuttale - Handlingsprogram og planprogram regional plan for vassforvaltning Hordaland 2022-2027

Vedlegg:

Høyringsbrev for Regional plan for vassforvaltning for 2022 – 2027 og Handlingsprogram for 2019 – 2021 (L)(507021)

Handlingsprogram--hordaland-vassregion--utkast-26.feb-2019

Planprogram-hoyringsutgave

Vassregion-hordaland-hovedutfordringar-1.4.2019-

Hovedutfordringar-i-vassomrade-nordhordland_12.04.2019-1

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har sendt Regional plan for vassforvaltning, planprogram og hovudutfordringar for 2022 – 2027 og Handlingsprogram for 2019 – 2021, på høyring. Bakgrunnen for høyringa er at gjeldane vassforvaltningsplan 2016-2021 skal reviderast.

Vassregionane Sogn og Fjordane og Hordaland skal slåast saman frå 1. januar 2020, og den nye vassforvaltningsplanen for 2022-2027 vil gjelde for Vestland vassregion. Vestland fylkeskommune vert vassregionstyresmakt når Vestland vassregion trer i kraft. På bakgrunn av dette har vassregionane Hordaland og Sogn og Fjordane laga eit felles planprogram for å oppdatere vassforvaltningsplanen for Vestland. Gjeldande vassforvaltningsplan for Hordaland har eit handlingsprogram for 2016 – 2018. Handlingsprogrammet er no oppdatert for 2019 til 2021. Det er utarbeidd hovudutfordringsdokument for kvar av vassregionane i Sogn og Fjordane og Hordaland og for alle vassområda.

Høyringsdokument:

- Handlingsprogram 2019 - 2021 for regional plan for vassforvaltning 2016 - 2021 - Hordaland vassregion
- Planprogram for Hordaland og Sogn og Fjordane vassregion (Vestland vassregion frå 1.1.2020)
- Hovudutfordringar vassregion Hordaland
 - Vedlegg 4: Hovudutfordringar i Nordhordland vassområde

Frist for høyringsinnspel er 30. juni 2019.


Vurdering

Hovudmålet med vassforvaltningsplanen er å betre vassmiljøet der det er dårleg og å verne om vassmiljøet slik at det ikkje vert dårlegare. Vassforskrifta slår fast at det skal utarbeidast regionale vassforvaltningsplanar med tilhøyrande tiltaksprogram. Desse skal rullerast og den gjeldane forvaltningsplanen vart utarbeidd i 2015 og godkjent i 2016 av fylkeskommunen og klima- og miljøverndepartementet, den gjeld ut inneverande planperiode til 2021. Kommunestyret kom med høyringsuttale til gjeldane plan i sak 91/2014 og 70/2015. Neste planperiode er 2022-2027 og arbeidet med rullering har starta opp.

Dokumenta som no er på høyring legg grunnlaget for arbeidet med den nye vassforvaltningsplanen. Planen er ikkje rettsleg bindande, men retningsgjevande for arealbruk og næring. Dette på bakgrunn av at Den regionale vassforvaltningsplanen angir miljømål for alt vatn i elvar, innsjøar, kystvatn og grunnvatn. I tillegg inneheld planen oversikt over når miljømåla skal vere nådde. Tiltaksprogrammet inneheld oversikt over forslag til tiltak for å beskytte vassmiljøet og for å nå miljømåla i vassregionen. Miljømål og forslag til tiltak er hovudinnhaldet i oppdateringa som no skal gjennomførast.

Arbeidet med rullering av vassforvaltningsplanen vert gjort parallelt med oppfølginga av den godkjente planen. Figuren under viser planprosessen med vidare framdrift for arbeidet. Etter noverande høyringsrunde, skal endeleg planprogram leggje føringane for arbeidet med ny forvaltningsplan. Forslaget til ny vassforvaltningsplan er planlagd sendt ut på høyring i juli 2020, og med endeleg godkjenning i departementet hausten 2021.

Viktige milepæler 2019 - 2021



Figur 1 Tidsplan for arbeidet

Planarbeidet skal sikra ein berekraftig bruk av vassførekomstande, og vassforskrifta legg føringar for utarbeidinga av desse. Planprogrammet skal ende med regionale vassforvaltningsplanar med tilhøyrande tiltaksprogram. Den regionale vassforvaltningsplanen angir miljømål for alt vatn i elvar, innsjøar, kystvatn og grunnvatn. I tillegg inneheld planen oversikt over når miljømåla skal vere nådde. Tiltaksprogrammet inneheld oversikt over forslag til tiltak som skal betre tilstanden i vassførekomstane og sikre berekraftig bruk av vassførekomstar for å nå miljømåla i vassregionen. Miljømål og forslag til tiltak er hovudinnhaldet i oppdateringa som no skal gjennomførast. Vassplanarbeidet og samordning av vassforvaltinga i Norge byggjer på EUs vassdirektiv, som vart ein del av den norske vassforskrifta frå 2007.

Det er fleire ulike faktorar som påverkar tilstanden til vassførekomstane i vårt område, og vassførekomstane kan ha fleire påverknadar samtidig. I Hordaland er det forskjell mellom dei ulike vassområdene kva som er den største påverknaden, sjå figur under.

Navn	1	2	3	4	5
Hordaland	Langtransportert forurensning	Vannkraft	Jordbruk	Avløpsvann	Ukjent kilde
Hardanger	Vannkraft	Langtransportert forurensning	Ukjent kilde	Jordbruk	Industri
Nordhordaland	Langtransportert forurensning	Vannkraft	Jordbruk	Avløpsvann	Ukjent kilde
Sunnhordaland	Vannkraft	Langtransportert forurensning	Ukjent kilde	Jordbruk	Avløpsvann
Vest	Avløpsvann	Langtransportert forurensning	Jordbruk	Urban utvikling	Vannkraft
Voss - Osterfjorden	Langtransportert forurensning	Vannkraft	Jordbruk	Avløpsvann	Urban utvikling

Planprogrammet legg rammene for arbeidet og utforminga av den regionale vassforvaltningsplanen og tiltaksprogrammet. Det er skilnad mellom dei ulike vassområda i kva som har størst påverknad på vassmiljøet. Det kan også vere ein del variasjon internt i områda og innan ein kommune.

Rådmannen meiner det difor er viktig at det vert lagt vekt på lokal kunnskap og dei lokale utfordringane i vassplanarbeidet, slik planprogrammet legg opp til.

Det er under arbeidet med planprogrammet mogleg for kommunane å kome med innspel om kva utfordringar kommunen ser vil kome i tida framover. Planprogrammet har ein grundig gjennomgang av dei største påverknadane i Hordaland og i vårt vassområde. Det blir lagt vekt på at ein må nytta nyaste kunnskap, og/eller innhente meir kunnskap i enkelte område. Det kan vere utfordringar å klarleggja kva som er største påverknad på ein vassførekomst, og korleis denne eventuelt påverkar eit vassdrag. Difor er informasjonsinnhenting og kartlegging viktig for å sikre at ein finn riktig kjelde for påverknad og at ein kan kome med best mogleg tiltak for forbetring.

Meland kommune deltatt i eit felles prosjekt i Nordhordland saman med Hordaland fylkeskommune, Nordhordland utviklingselskap IKS, Lindås-, Radøy – og Austrheim kommunar. Målet var å sjå nærmare på enkelte vassdrag der jordbruket har blitt peika på som største kjelde til påverknad. Prosjektet har gitt ny kunnskap som blir nytta inn i planarbeidet.

I frå 01.01.2020 vert Hordaland og Sogn og Fjordane vassregionar til Vestland vassregion. Delar av planprogrammet tar difor opp organisering av ny vassregion. Vassregionane er i dag ganske likt organisert, og har hatt det sidan oppstart i 2010. Skisse til ny organisering er i hovudsak ganske lik den organiseringa som er i dag.

Ein av dei endringane som er føreslått er å redusera tal representantar frå kommunane i vassregionutvalet. Vassregionutvalet saman med vassregionstyresmakta (fylkeskommunen) har det overordna ansvaret for samordning av vassforvaltninga og utarbeider forslag til miljømål, tiltaksprogram og utkast til forvaltningsplan. Dette utvalet er i dag leia politisk av representantar frå Fylkestinget (vassregionstyresmakt). I dag er det medlemmer i dette utvalet frå alle kommunane i Hordaland i tillegg til fylkesmannen og fleire statlege etatar (t.d. Mattilsynet). Det er i planprogrammet foreslått å redusera medlemstalet frå kvar kommune til ein politisk representant frå kvart vassområdeutval. Alle vassområda er etablert med eit vassområdeutval og ein vassområdekoordinator.

Bakgrunnen for at man foreslår å endre representantar frå kvar kommune til kvart vassområdeutval, er totalt tal medlemmer i vassregionutvalet. Det ver vist til at om alle kommunane skal sitje i vassregionutvalet slik som i førre planperiode med 1 – 2 personar frå kvar kommune vert det mange deltakarar i vassregionutvalet. Det vert vidare vist til geografiske avstanden frå nord til sør, på kryss og tvers, og at det er stor avstand og lang reisetid. Det vert i planprogrammet foreslått å redusere tal kommunar i vassregionutvalet til at leiar av vassområdeutvalet representerer kommunane i vassregionutvalet. Rådmannen meiner at forslaget til endring av tal kommunerepresentantar i vassregionutvalet an vere ein fornuftig løysing. Det vert med samanslåing av vassregionane mange fleire kommunerepresentantar i eit utval. Vidare meiner rådmannen at det er viktig at utvalet kan arbeide effektivt og rasjonelt, og at det er vanskelegare å samle eit stort tal medlemmer. Ved at leiar av vassområdeutvalet møter, vil kommunane sine innspel framleis bli sikra i vassregionutvalet. Men det blir viktig å sikre god informasjonsflyt mellom vassregionutvalet og vassområdeutvalet.

Konklusjon

Rådmannen meiner at planprogrammet med hovudutfordringar gir ein god gjennomgang av tilstanden i vassregionen, utfordringar og medverknad. Det er gjort synleg at det er regionale ulikskapar og at desse må fangast opp i arbeidet med den regionale vassplanen med tiltaksprogram. Det positivt at kommunane har kunne kome med innspel på lokale utfordringar i tida framover, og at dette er tatt inn i planprogrammet. Vidare er det viktig å halde fokus på lokal kunnskap og lokale variasjonar ved

utarbeiding av planen.

Den lokale kunnskapen kan ha stor verknad på kva tiltak ein vel og korleis effekten av dette vert. Det er viktig å få ein god plan som sikrar best mogleg oppfølging og rasjonelle tiltak som kan bidra til betre vasstilstand.

Det er viktig at det vert lagt vekt på innhenting av ny informasjon og kartlegging når ein er usikker på ringverknadane/effekten av ein påverknad. Det kan vere vanskeleg å sikkert anbefale tiltak utan at effekten er kjent. Det same gjeld i vassdrag med meir enn ein mogleg kjelde til påverking. Det for å få en god plan som sikrar best mogleg oppfølging og rasjonelle tiltak som kan bidra til betre vasstilstand.

Dagens to vassregionar har svært lik organisering, og rådmannen meiner det er fornuftig å bruke organisasjonsmodell som er lik. Dagens modell er gir ein god oversikt og er kjent for dei som bidreg inn i vassforvaltninga. Foreslått reduksjon i tal medlemmer frå kommunane, og at desse skal erstattast av leier av vassområdeutvalet er eit fornuftig grep. Medlemstalet i utvalet vil bli høgt etter samanslåing dersom kvar kommune skal ha 1-2 medlemmer. Det er viktig at vassområdeutvalet kan jobbe effektivt og rasjonelt samstundes som innspel frå kommunar og vassområder vert i varetatt. Men det er viktig å sikre god informasjonsflyt mellom vassregionutval og vassområdeutval/kommune slik at ein sikrar lokal forankring og lokal kunnskap i utarbeidinga av og gjennomføring av tiltak i vassforvaltningsplanen.

Framlegg til vedtak:

Utval for drift og utvikling viser til høyringsbrev dagsett 08.04.2019, handlingsprogram og planprogram for regional plan for vassforvaltning Hordaland 2022-2027. Utvalet viser til rådmannen sin saksutgreiing og konklusjon i saka og vedtek denne som høyringsuttale til handlingsprogram og planprogram for ny regional vassforvaltningsplan.

Utval for drift og utvikling - 48/2019

UDU - behandling:

UDU - samrøystes vedtak:

Utval for drift og utvikling viser til høyringsbrev dagsett 08.04.2019, handlingsprogram og planprogram for regional plan for vassforvaltning Hordaland 2022-2027. Utvalet viser til rådmannen sin saksutgreiing og konklusjon i saka og vedtek denne som høyringsuttale til handlingsprogram og planprogram for ny regional vassforvaltningsplan.

